

RETNINGSLINJER FOR STØTTE TIL KULTUR I KLEPP KOMMUNE

Vedtekne i Klepp kommunestyre 13.12.21 (K-sak 65/21)
Reviderte i Klepp kommunestyre 19.06.23 (K-sak 34/23)
Reviderte i Klepp kommunestyre 19.02.24 (K-sak 8/24 og 9/24)

INNHALD	side
1. INNLEIING	2
1.1. Føremål	2
1.2. Tilskot	2
1.3. Stipend og prisar	3
2. TILSKOT OG STØTTE	4
2.1. Tilskotsordningar	4
2.2. Generelle bestemmelsar	5
2.3. Starttilskot for lag og organisasjonar	8
2.4. Driftstilskot for lag og organisasjonar	9
2.5. Tilskot til nyanlegg og rehabilitering av kulturanlegg	14
2.6. Tilskot til andre kulturføremål	17
2.7. Tilskot til følgjeperson på tur for personar med nedsett funksjonsevne	18
2.8. Følgjekort (ledsagerbevis) – for personar med nedsett funksjonsevne	20
2.9. Utstyr og materiale til leikeområde	22
3. PRISAR, STIPEND OG PÅSKJØNNINGAR	23
3.1. Kulturpris	23
3.2. Frivilligpris	24
3.3. Byggeskikkpris	25
3.4. Kulturstipend	27
3.5. Idrettsstipend	28
3.6. Kommunal påskjønning – kulturprestasjonar	30

1. Innleiing

1.1 FØREMÅL

Retningslinjene for støtte til kulturarbeid byggjer på kommunevisjonen «Med blikk for alle» og har som føremål å realisera kommunen sin visjon, verdiar og dei overordna måla i kommuneplanen:

- Eit sunt og inkluderande lokalsamfunn
- Barn og unge i første rekke

Retningslinjene for støtte til kulturarbeid er eit målretta verktøy for å oppnå kommunale mål knytt til lokalmiljø og innbyggjarar på kulturområdet.

På bakgrunn av dette ønskjer kommunen gjennom støtteordningane å realisera føringar og mål i kulturplanen:

- a. særleg støtta og styrka verksemd som gjev alle høve til å delta i aktivitet med same rettar, på tvers av kulturelle, sosiale, religiøse/ livssynsmessige, digitale og økonomiske skiljelinjer, og uavhengig av kjønn, alder, etnisk bakgrunn, funksjonsnivå eller seksuell orientering.
- b. å leggja til rette for mangfaldig barne- og ungdomsaktivitet
- c. utvikling av eit rikt, godt og variert kulturliv
- d. høg frivillig verdiskaping
- e. kulturuttrykk av høg kvalitet.

Støtteordningane skal byggje opp under:

- at alle skal kunne oppleva, delta i, og gjera seg nytte av kulturtilbod, samt teikna medlemskap i lag og foreiningar
- at kultur skal vera eit berande element i lokalsamfunnet
- deltaking, basert på inkludering, likeverd, likestilling og fulle demokratiske rettar.

1.2 TILSKOT

Etter søknad kan det politiske utvalet som har ansvar for kultursaker yte støtte til kulturarbeid. Støtta kan gå til lag, grupper, institusjonar og enkeltpersonar som driv, eller vil starte, frivillig kulturverksemd i Klepp kommune og til personar busette i Klepp.

Ein kan gjere unntak frå dei generelle reglane for grupper/lag som gjer spesiell innsats på områder av særleg verdi.

Organisasjonar som rekrutterer medlemmar frå fleire kommunar og som ikkje har rett på tilskot frå fylkeskommunen, kan løyvast tilskot dersom dei driv verksemd i kommunen.

1.3 STIPEND OG PRISAR

For å få tildelt stipend eller pris etter desse retningslinjene må personen som søker stipend, eller blir nominert til pris, vera oppført i folkeregisteret med bustadadresse i Klepp kommune.

2. Tilskot og støtte

2.1 TILSKOTSORDNINGAR

Klepp kommune har desse tilskotsordningane:

A. Tilskotsordningar for frivillige lag, foreiningar og organisasjonar

- Starttilskot – nye lag og foreiningar
- Driftstilskot - etablerte lag og foreiningar
- Tilskot til nyanlegg og rehabilitering av bygg og anlegg
- Tilskot til vedlikehald av idrettsanlegg
- Tilskot til organisasjonseigde idrettsbygg
- Tilskot til eliteidrett
- Tilskot til paraidrett

B. Andre tilskots- og støtteordningar

- Tilskot til arrangement og andre kulturføremål
- Støtte til følgjesperson (ledsager) på tur for personar med funksjonsnedsetting
- Følgjekort (ledsagerbevis) for personar med nedsett funksjonsevne
- Utstyr og materiale til leikeområde

2.2 GENERELLE BESTEMMELSER

2.2.1. SAKSHANDSAMING

Søknad

Søknad skal sendast til kommunen. Søknad må vera komen inn i rett tid. Der det er utarbeidd eigne søknadsskjema, skal desse brukast når ein søker. Dersom søknad kjem inn innan ei veke etter søknadsfristen, skal tilskotet reduserast med 20 %. Søknadar som kjem inn etter ei veke, blir normalt ikkje imøtekomne.

Skjønn

Det politiske utvalet som har ansvar for kultursaker kan i særskilde tilfelle vike frå hovudreglane og bruke skjønn, dersom retningslinjene gjev urimelege utslag.

Klagerett

Frist for klage er 3 veker frå melding om vedtaket er motteke. Klage skal sendast kommunen.

Utbetaling

Årlege utbetalingar er avgrensa til løyvingane i budsjettet.

Rekneskap

Det politiske utvalet som har ansvar for kultursaker kan krevja utdrag av rekneskap som viser korleis midlane er nytta, og utvalet har rett til å utføra kontroll.

Rekneskap skal underskrivast av laget sin leiar og revisor (i idretten: kontrollutvalet). Dersom laget ikkje har revisor, vert det signert av leiar og anna styremedlem.

Kommunen kan ved behov krevje at lag eller prosjekt som mottar tilskot skal levera rekneskap som er revidert av autorisert revisor.

Bilag

Alle bilag skal oppbevarast i samsvar med bokføringslova, minimum 5 år etter at rekneskapen er innsendt.

Rekneskapen skal kunne visast fram dersom Klepp kommune krev det.

Misbruk - brot på føresetnader for tilskot

Dersom nokon misbruker tilskotsordningane (oppgjer feil opplysningar / ikkje oppfyller kriteria), kan dei mista retten til nye tilskot for ein periode. Eventuelt utbetalt tilskot kan kommunen krevja å få tilbakebetalt.

2.2.2 KRITERIUM FOR ORGANISASJONSSTØTTE

Laget/organisasjonen må oppfylle desse kriteria:

a. Demokratisk

Vera demokratisk oppbygde med eige medlemsvalt styre. Styremedlemmar skal vera valde inn som frivillige representantar. Alle medlemmar som har fylt

15 år, må ha fulle demokratiske rettar i organisasjonen, dvs. røysterett, lik møterett, tale- og forslagsrett og rett til å la seg velje som representant. For lag, klubbar og foreiningar med medlemmar utelukkande under 15 år, gjeld ikkje desse krava. Alle medlemmar, inkludert dei under 15 år, må ha reelt høve til å påverke avgjerder i organisasjonen. Organisasjonsdemokratiet skal vurderast på grunnlag av eit ideal om at medlemmene er jamlike når det gjeld avgjerd, effektiv deltaking, opplyst forståing og kontroll over dagsorden og økonomi.

b. Opne

Vera opne for at alle kan bli medlemmar og kan delta i aktivitetane.

Ut frå laget sin eigenart, kan enkelte lag likevel organiserast som til dømes damekor, mannskor eller jenteforeining. Det er også anledning til å stilla krav om ferdigheitsnivå der dette er nødvendig ut frå aktiviteten sitt føremål, som til dømes konkurranseidrett og vaksenkorps.

c. Jamleg aktivitet

Drive verksemda kontinuerleg med jamleg aktivitet.

d. Medlemmar og kontingent

Ha minst 10 aktive medlemmar og medlemskontingent på minimum kroner 50 per medlem per år. Ein aktiv medlem er her å forstå som ein person som deltar i laget sine aktivitetar på det jamne og minimum 6 gonger i året, anten som deltakar, instruktør eller leiar. Medlemskontingenten må vera betalt av medlemmen sjølv, foreldre/føresette eller blitt dekkja etter særskilt vurdering (til dømes gjennom Klar, ferdig, fritid).

Ein person er eitt medlem: Ein person blir rekna som eitt medlem, sjølv om vedkomande er medlem i fleire undergrupper i same organisasjon. Når ein person er med i fleire undergrupper, står organisasjonen fritt til å velja kva undergruppe vedkomande blir rapportert i.

e. Inkludera og leggja til rette

På eige initiativ og innanfor eigen økonomi leggja til rette for at barn og unge frå familiar med betalingsvanskar kan få høve til redusert eigenbetaling slik at dei kan delta i aktivitet.

f. Punkt f. blei vedtatt fjerna i kommunestyret 17. Mars 2025

g. Registrering i Brønnøysundregisteret

Lag og organisasjonar som skal motta tilskot til drift eller nyanlegg må anten:

- vera registrert som lokal foreining i Brønnøysundregisteret som frivillig organisasjon (Frivilligregisteret) og ha bankkonto registrert på organisasjonsnummeret,
- eller vera tilknytt ein hovudorganisasjon som er registrert i Brønnøysundregisteret med eige organisasjonsnummer og som frivillig organisasjon (Frivilligregisteret), og som stadfestar at lokallaget vert drive som frivillig lag med frivillige, demokratisk valde leiarar.

h. Aktivitetsportalen Aktiv Jæren

Publisera informasjon om aktivitetane sine på nettsida Aktiv Jæren.

Organisasjonen skal oppdatera informasjonen før 1. april kvart år og elles etter behov.

i. Akseptera følgjekort

Alle som mottar tilskot frå kommunen etter desse retningslinjene, har plikt til å akseptera følgjekort (ledsagerbevis). Det inneber at følgjepersonen får gratis inngang på arrangement.

2.2.3 UNNTAK FOR STØTTE

Unntatt frå støtte er:

- a. lag som primært tek i vare medlemmene sine økonomiske, yrkes- eller helsemessige interesser
- b. kommersielle tiltak
- c. politiske parti og deira ungdomsorganisasjonar
- d. politiske aksjonar
- e. bedriftsidrettslag og andre bedriftslag
- f. organisasjonar som har innsamling eller humanitært hjelpearbeid som hovudfunksjon
- g. innsamlingsaksjonar
- h. organisasjonar som har eit helse- eller sosialt arbeid som hovudfunksjon
- i. supportarklubbar og liknande
- j. dyrevernorganisasjonar og tilsvarande

2.3 STARTTILSKOT FOR LAG OG ORGANISASJONAR

Kven kan søkje?

Nye lag og grupper som har vore i drift i minimum 3 månadar, kan søkje om starttilskot. Søknaden kan sendast heile året. For at ei gruppe skal vera aktuell for starttilskot, må gruppa driva eigen aktivitet, ha eige styre og rekneskap.

Lag som får starttilskot kan ikkje søka om driftstilskot same året. Dei kan heller ikkje søka for neste år, dersom dei har fått starttilskot etter 1. oktober.

Vilkår

For å få starttilskot må laget ha minst 10 aktive medlemmar og oppfylle øvrige vilkår for kommunalt tilskot, jamfør punkt 2.2.2.

Minimum 50% av medlemmane i laget må vera busette i Klepp.

Det kan bli gitt tilskot til ny oppstart av lag etter to års driftsstans.

2.4 DRIFTSTILSKOT TIL LAG OG ORGANISASJONAR

2.4.1 GENERELT

Kven kan søkje?

Lag og grupper som oppfyller vilkåra i pkt. 2.2.2 og som driv kulturaktivitet kan søkje om driftstilskot.

Organisasjonar og samanslutningar som får tilskot må halda til i Klepp og driva sin hovudaktivitet i kommunen.

Eit lag kan ikkje registrerast i eller motta driftstilskot frå fleire kommunar.

Sjå punkt 2.3 for informasjon om starttilskot.

Søknadsfrist

Søknadsfrist for driftstilskot er 1. april.

Krav til søknad

I søknaden om driftstilskot skal minimum følgjande vera med:

- Namn og kontaktinformasjon
- Organisasjonsnummer
- Organisasjonen sitt kontonummer
- Type lag
- Medlemstal fordelt på alder
- Aktivitetsfrekvens
- Opplysningar om kontingent
- Årsmelding
- Rekneskap
- Opplysningar om registrering i aktivitetsportalen Aktiv Jæren

Sjå punkt 2.4.2 for informasjon om undergrupper.

Kommunen kan ved behov krevje medlemslister med fødselsår.

Utrekning av tilskot

Kommunestyret vedtar i årsbudsjett kor mykje som skal fordelast i driftstilskot til idrettslag, song/musikkorganisasjonar, barne- og ungdomslag og vaksne lag. Driftstilskot blir fordelt innan desse gruppene etter fastsett fordelingsnøkkel eller talfaktor. Inntil 20 % av tilskot lagsarbeid kan fordelast etter skjønn.

Dei viktigaste kriteria for tildeling av tilskot er talet på aktive, alder, omfanget av aktiviteten og kontingent. Tilskot blir som hovudregel fordelt matematisk etter utrekningsgrunnlaget i punkt 2.4.3.

Driftstilskotet skal normalt ikkje overstige 50 % av driftsutgiftene for organisasjonen.

Som driftsutgifter blir rekna utgifter laget har til drift av eigen aktivitet. Gåver til veldedige føremål eller andre føremål kan ikkje reknast som driftsutgifter. Utgifter til kjøp av varer for vidaresal blir heller ikkje rekna som driftsutgifter.

Idrettslag som ikkje deltek i konkurranseidrett/seriesystemet (mosjonsgrupper, KRIK osv.) blir rekna som sær-idrettslag.

2.4.2 HOVUDORGANISASJON OG UNDERGRUPPER

Hovudorganisasjonen søker om tilskot for heile laget / alle lokale undergrupper, i ein samla søknad.

Dersom undergruppene er organiserte som sjølvstendige einingar med eigne valde styre, skal ein som hovudregel gje opplysningar per undergruppe. Kvar undergruppe må oppfylle kriteria i punkt 2.2.2 (unntatt 2.2.2.g). Er det uklart om kor vidt ein skal søka samla eller per undergruppe, kan kommunen gje råd. I tilstilfelle avgjer kommunen kva som skal reknast som hovudlag og undergrupper i søknaden. Merk: Dette avsnittet gjeld ikkje for idrettslag, Idrettslag skal altså ikkje spesifisera per undergruppe.

2.4.3. UTREKNING AV TILSKOT – GRUNNLAG

Driftstilskot blir rekna ut i frå følgjande vektal:

	0 - 5 år	6-12 år	13 -19 år	20 - 25 år	26 år og over
BARN OG UNGDOM					
Søndagsskular	1	1			
Barnelag	1,8	1,8			
Tenåring/ ungdomslag			3,3		
IDRETT					
Sær-idrettslag	2,9	2,9	2,9		
Fleir-idrettslag	2,9	2,9	3,2		
SONG OG MUSIKK					
Kor	1,4	1,4	1,4		
Korps	2,0	2,0	2,0		
Andre musikklag	1,6	1,6	1,6		
VAKSNE LAG					
Vaksne				0,6	0,3

Vekting av aktivitet:

I utrekninga av tilskot blir aktivitetsfrekvens vekta slik:

Trening/øving/møte meir enn ein gong i veka	1.2
Trening/øving/møte 1 gong i veka	1.0
Trening/øving/møte 1 gong annakvar veke	0.8
Trening/øving/møte 1 gong i månaden	0.6
Trening/øving/møte sjeldnare	0.4

2.4.4. TILSKOT TIL DRIFT OG VEDLIKEHALD AV IDRETTSANLEGG

Grunnlag for tilskot

Tilskot til drift og vedlikehald av idrettsanlegg blir vurdert på grunnlag av rekneskap. Det blir primært gitt tilskot til straum, vask/reinhald, forsikring og kommunale avgifter.

2.4.5. TILSKOT - DIRIGENT/INSTRUKTØR

Driftstilskot til song og musikk: 25 % av dei budsjetterte midla kan gå til å dekkja utgifter til dirigent/instruktør for kor og korps.

Regelen gjeld ikkje for grupper som får dekkja utgifter til dirigent over andre kommunale postar.

2.4.6. TILSKOT - ELITEIDRETT

Kommunen kan kvart år øymerka eigne tilskot til eliteidrett til idrettslag som er registrert i Klepp kommune.

For lagidrett er eliteidrett å forstå som deltaking i øvste divisjon i serie-systemet, og for individuelle idrettar som deltaking på nasjonalt toppnivå i seniorklasse.

Kommunen kan yta tilskot til eliteidrett i inntil 2 år etter nedrykk.

Tildeling til eliteidrett blir vurdert etter skjønn. Viktige kriterium for tildeling kan vera: talet på eliteutøvarar i laget, kostnad/profesjonalitet, kva betyding laget/utøvar(ar) har for lokalmiljøet m.m.

Idrettslaget som søkjar må vera tilslutta ein landsomfattande idrettsleg organisasjon.

Før sak om tildeling blir avgjort, blir Klepp idrettsråd gitt høve til å uttale seg om framlegget til fordeling.

Søknadsfrist som for driftstilskot, 1. april.

2.4.7. TILSKOT - PARAIDRETT

Kommunen kan kvart år øymerka eige driftstilskot for para-idrett til idrettslag som er registrerte i Klepp kommune.

Tilskot blir fordelte etter søknad frå lag som har medlemmar/ utøvarar med funksjonsnedsetting ut frå dei kriteria som NIF legg til grunn for kven som kan definerast som para-utøvarar.

Den avsette summen blir fordelt til laga ut i frå tal på medlemmar med funksjonsnedsetting. Laget avgjer sjølv fordeling innad i laget.

Tilskotsordninga er eit ekstratilskot som har som føremål å stimulera til aktivitet og tilrettelegging for personar i målgruppa og kjem i tillegg til vanleg medlemsbasert driftstilskot.

Søknadsfrist som for driftstilskot, 1. april.

2.4.8. DELEGASJON TIL PARAPLYORGANISASJONAR

Vedtak om tildeling

- a. Etter innstilling frå kulturadministrasjonen, avgjer Klepp idrettsråd følgjande tildeling:
 - driftstilskot idrettslag
 - vedlikehald av idrettsanlegg
 - tilskot til private hallar.
- b. Andre paraplyorganisasjonar kan få delegert ansvar for fordelinga av driftstilskot, dersom slike organ blir oppretta
- c. Kommunedirektøren avgjer søknadar om driftstilskot frå andre lag.

2.5 TILSKOT TIL NYANLEGG OG REHABILITERING AV KULTURANLEGG

2.5.1 GENERELT

Kva kan ein søkje til?

Ein kan søkja tilskot til alle typar kultur- og idrettsanlegg, og både til nyanlegg og til rehabilitering

Prioriteringar

Det politiske utvalet som har ansvar for kultursaker vurderer storleiken av tilskot slik:

- ut i frå skjønn
- på grunnlag av behovsvurderingar
- på grunnlag av prioriteringar i aktuelle kommunale planar, (til dømes kommunedelplan for fysisk aktivitet)

Fleirbruksanlegg og anlegg med venteleg høg bruksfrekvens, og som blir vurdert å oppfylle målsettinga med kulturstøtteordninga på gode måtar, skal prioriterast.

Søknad – innhald m.v.

Søknadar om tilskot til nyanlegg kan sendast heile året. Tiltak kan startast opp før det blir søkt om tilskot. Avgjerd om tilskot, storleik på tilskot, samt vilkår for tilskot skjer på grunnlag av søknad.

Vedlegg som skal følgje søknad om tilskot til nybygg, ombygging av eksisterande bygg, lokal og anlegg:

- Opplysningar om søkjar, behov og aktivitet
- Teikning og forklaring av anlegget
- Detaljert kostnadsoverslag
- Dokumentert finansieringsplan
- Plan for forvaltning, drift og vedlikehald
- Opplysningar om eigarforhold og brukargrupper
- Tinglyst skøyte/leigeavtale
- Vedtekter/utleiereglar
- Eventuelle andre opplysningar som går fram av søknadsskjema

2.5.2 FØRESETNADAR FOR TILSKOT

- Tilskot til investeringar i kulturanlegg er avgrensa til føremål som er naudsynpte for laget sin primæraktivitet.
- Kommunen føreset at søkjarar som kan ha rett på tilskot over spelemiddel-reglementet søkjer slike tilskot i tillegg til å søkja kommunen om støtte.
- Kommunen gjev ikkje tilskot til kjøp av tomt. I dei tilfelle der kommunen sjølv stiller tomt vederlagsfritt til rådvelde, skal kommunen stå som eigar av grunnen, men leigetida skal vera på minst 30 år.
- Når laget sjølv leiger grunn eller lokale til anlegget, skal leigetida normalt vera minimum 30 år for ordinære anlegg og 20 år for nærmiljøanlegg. Kommunen kan dispensera frå denne regelen når særlege grunnar talar for det.

Tilskot nyanlegg – nybygg og rehabilitering blir ytt slik:

	Idrettsbygg /idrettsanlegg	Samfunnshus/grendahus og liknande	Bygg/anlegg med religiøst føremål
Nybygg / nyanlegg	Inntil 1/3	Inntil 1/3	Inntil 20%
Rehabilitering	Inntil 1/3	Inntil 1/3	Inntil 20%

- e. Storleiken på tilskotet blir vedtatt i kvart enkelt tilfelle. Tilsegn om tilskot blir gitt på grunnlag av kostnadsoverslag, finansieringsplan og godkjende planar. Siste del av tilskotet kan ikkje utbetalast før rekneskap for bygget/anlegget ligg føre. Tidspunkt for utbetaling blir vurdert ut frå aktuell budsjett-situasjon.
- f. Anleggstiltak der dei faktiske utlegga for laga er mindre enn kr. 10.000 kjem ikkje inn under denne ordninga.

Det kan bli gitt tilskot til bedehus/religiøse organisasjonar som driv samfunnsbyggjande arbeid og arbeid for born og unge og som elles oppfyller vilkåra for tilskot etter desse retningslinjene. Tilskotet er på 20 % av kostnader eks. moms, med ei maksimal utbetaling på kr 4 millionar til nybygg. Denne praksisen gjeld for prosjekt på over 1,5 millionar kroner. For prosjekt under denne summen kan det ystast opprettheld ein praksisen med tilskot med inntil 33 %

- g. Tilskot blir fastsette på grunnlag av søkjarorganisasjonen sine kostnader *utan* moms.
- h. Verdien av dugnadsarbeid blir berekna ut i frå innhenta pristilbod og fastsett på bakgrunn av kva det vil koste å få arbeidet utført om ein skulle kjøpa den aktuelle tenesta/ arbeidet
- i. I vedtaket om tilskot til nyanlegg eller rehabilitering skal det visast plan for utbetaling, dvs. korleis kommunen vurderer tidspunkt for mogleg utbetaling av tilskotet til søkjar.
- j. Det er ein føresetnad for tilskot at alle opne arrangement i eller på anlegget der barn og unge under 18 år deltar skal vera alkoholfrie.

Fristar for iverksetjing

Når det blir gitt tilsegn om tilskot til inventar/ utstyr er fristen for å sende rekneskap 1 år frå den datoen vedtaket blir fatta.

Når det blir gitt tilsegn om tilskot til nyanlegg/ investeringar i kulturanlegg, er fristen for oppstart av arbeidet 2 år frå den datoen vedtaket blir fatta.

Fristen for slutføring av denne type prosjekt er 5 år frå vedtaksdato.

Det politiske utvalet som har ansvar for kultursaker kan fråvike desse reglane dersom særlege grunnar talar for det.

Viss anlegg blir selt utan at midla blir overførte til tilsvarende anlegg i Klepp, kan kommunen krevja tilbakebetaling av delar av tilskotet.

2.5.3 TILSKOT TIL FAST INVENTAR OG UTSTYR

Det er mogleg å få tilskot til fast inventar og utstyr som er nødvendig for primæraktiviteten i laget. Dette kan ein inkludera i søknad om støtte til investeringar i idretts-/kulturanlegg (nybygg og rehabilitering) eller senda eigen søknad om.

Inventar/utstyr som det blir gitt tilskot for skal til vanleg vera eigd av det lokalet eller anlegget der aktiviteten går føre seg.

2.5.4. TILSKOT TIL AKTIVITETSUTSTYR

Kommunen kan yte tilskot til innkjøp av utstyr som ikkje er knytt til bestemte bygg eller anlegg. Det blir berre gitt tilskot til aktivitetsutstyr som:

- Er knytt direkte til laget sin primæraktivitet
- Kan forventast å ha ei levetid på minimum 10 år
- Har ein innkjøpsverdi på minimum kr. 10.000 pr. eining

Kommunen si støtte er avgrensa til maksimum 1/3 av innkjøpspris.

Kommunen har høve til å prioritera blant søknadar, avslå søknadar, eller setje vilkår om ein finn det turvande

Når eit lag som ikkje er knytt til eit lokale eller anlegg blir oppløyst, skal kommunen vera med å godkjenne korleis utstyr som har fått tilskot skal nyttast vidare.

2.6 TILSKOT TIL ANDRE KULTURFØREMÅL

Kommunen kan gje støtte til :

- Større arrangement
- Festivalar og liknande
- Kulturprosjekt inkludert utprøving av arrangementskonsept/ kulturaktivitet som ikkje er dekkja over andre tilskotspostar.

Kommunal støtte kan bli gitt som:

- Underskotsgaranti
- Direkte tilskot

Offentlege festar og arrangement som tek sikte på økonomisk vinning kan normalt ikkje få tilskot

Tilskot blir utbetalt etter at rapport og rekneskap ligg føre.

Søknadsfrist

- Søknad om støtte kan sendast heile året.
- Arrangøren må søkja om tilsegn minimum 1 månad på førehand.
- Tilskotet medfører rapporterings- og rekneskapsplikt.

Søknader skal innehalda opplysningar om følgjande:

- Skisse/ forklaring om arrangementet det blir søkt tilskot til
- Kostnadsoverslag/ budsjett som viser utgifter og inntekter/ finansiering
- Målgruppe for arrangementet
- Marknadsføring/ PR
- Eventuelt anna som er relevant

Føresetnader for tilskot:

Ved søknad om stønad til større arrangement må søkjar dokumentera at det er gitt naudsynte løyve/ godkjenning frå andre relevante instansar. Dette gjeld at t.d. korleis brann, trafikk og sikkerheit m.m. er i samsvar med dei føresetnader som kommunen og andre instansar definerer.

2.7 TILSKOT TIL FØLGJEPERSON PÅ TUR FOR PERSONAR MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

2.7.1 GENERELT

Målsetting

Klepp kommune ønskjer å gje personar med nedsett funksjonsevne høve til å realisera egne ønskje om ferie og turaktivitet. Ferieturar skal så langt mogleg basera seg på brukarane sine egne ønskje og interessar og ta i vare den einskilde sitt behov for variasjon, oppleving og avkopling.

Om tilskotsordninga

Kommunen kan etter konkret vurdering i kvart tilfelle dekkja utgifter til reise, opphald og løn til følgjeperson (ledsager) på ferietur med personar med nedsett funksjonsevne. Vidare kan ein gje tilskot til lag, organisasjonar m.m. som arrangerer turar der personar med nedsett funksjonsevne deltek.

Brukarane dekker sjølv egne utgifter til reise og opphald.

Kven kan søkja?

Personar med nedsett funksjonsevne som gjer at dei er avhengige av følgje (ledsager) på tur.

Søknaden

Søknadsfristen er 1. mars.

Søknadar som kjem inn etter fristen blir ikkje imøtekomne.

Med søknaden skal fylgja:

- Opplysningar om reisemål, tidspunkt og lengde på turen.
- Opplysningar om behov for støtte til reisefølgje (ledsager)
- Kostnadsoverslag.

Likningsattest kan i spesielle tilfelle krevjast framlagt.

Vurdering av støtte

Støtte til ferietur skal ha ei individuell skjønsmessig behandling. Ved tildeling/støtte skal ein prioritere søkjarar som har særleg behov for forandring i sitt daglege miljø og som har vanskar med å gjera noko med dette sjølv.

Følgjande forhold skal og vurderast:

- a. Den enkelte sitt behov for støtte for at turen skal kunna gjennomførast på ein tilfredsstillande måte.
- b. Lengde og reisemål for ferieturen i forhold til tidlegare turar.
- c. Den einskilde sin økonomiske evne for sjølv å dekkje deler av utgiftene til reisefølgje (ledsager).
- d. Kostnad med turen vil bli vurdert i forhold til budsjetterte midlar, og øvrige søknadar.

Ved organisering av ferieturar bør ein vurdere om ein kan samordne einskildturar slik at ein eller fleire følgjepersonar (ledsagere) kan ta seg av meir enn ein brukar.

Brukarane skal i slike tilfelle høyrast og brukarane sine eigne interesser og synspunkt skal bli tillagt vekt.

Avgrensingar

Ordninga med støtte på ferietur gjeld for personar over 18 år med nedsett funksjonsevne.

Det kan bli gitt støtte for barn og unge under denne alderen på kortare turar, leirar m.m., viss særlege grunnar taler for det.

Ordninga gjeld ikkje for personar som har fått nedsett funksjonsevne etter fylte 60 år.

Det blir normalt ikkje gitt støtte til følgjeperson frå næraste familie; ektefelle/ sambuar, foreldre til funksjonshemma born, søsken o.l.

Det kan dispenserast frå dette viss særlege grunnar taler for det.

Kva kan det bli gitt tilskot til?

Tilskot til ferietur for funksjonshemma kan bli gitt slik:

a. Privat organisert tur:

Ein kan gje tilskot til brukaren som sjølv har ansvar for å finna følgjeperson (ledsager). Kommunen har ikkje ansvar utover sjølve tildelinga av tilskot. Tilskot blir utbetalt etterskottsvis på bakgrunn av dokumenterte utgifter.

b. Tur arrangert av kommunen:

Kommunen tilset, løner og dekkjer utgifter til reisefølgje (ledsager) på planlagde turar etter nærare avtale. Turar kan vera planlagde i både brukaren eller kommunen sin eigen regi. Kommunen har planlegging- gjennomføring- og samordningsansvar i samråd med brukarane.

c. Tur i regi av andre:

Kommunen gir tilskot til ein tredje instans, f.eks. lag, organisasjon eller andre som arrangerer turar med brukarane som deltakarar. Tilskot blir utbetalt etterskottsvis på bakgrunn av framlagt rapport og rekneskap.

2.8 FØLGJEKORT/LEDSAGERBEVIS – FOR PERSONAR MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

2.8.1. Føremål

Ordninga med følgjekort/ ledsagerbevis skal vera eit verkemiddel for auka deltaking og likestilling i samfunnet ved at personar med funksjonsnedsetjing, som har behov for det, får ha med seg ledsager/følgjeperson utan ekstra kostnader. Ordninga omfattar personar med ei funksjonsnedsetjing som venteleg vil vara i minimum 2 år.

2.8.2. Definisjon

Med funksjonsnedsetjing meiner ein tap eller skade med ein kroppsdel eller i ein av funksjonane i kroppen. Dette omfattar både fysiske, psykiske og kognitive funksjonar.

2.8.3 Ledsager/følgjeperson

Ledsager er den eller dei som er støtteperson/hjelpeperson for personen med funksjonsnedsetjing. Dette kan variera frå gong til gong. Ledsagerbevis gjer normalt rett til å ha med ein ledsager/følgjeperson, men det kan ved behov innvilgast rett til å ha med to ledsagere/følgjepersonar.

2.8.4. Ledsagerbevis/følgjekort

Eit ledsagerbevis/følgjekort er eit kort som blir innvilga til personar med funksjonsnedsetjing som har søkt om ordninga, og som oppfyller vilkåra for ledsagerbevis/ følgjekort.

Ledsagerbeviset skal også vera tilgjengeleg digitalt.

På ledsagerbeviset skal det framgå:

- kven som har fått innvilga ledsagerbevis
- bilete av personen
- kor lenge kortet er gyldig
- kva kommune som har utstedt kortet
- kor mange ledsagere/følgjepersonar personen har rett til å ha med seg

Det er gratis å få innvilga ledsagerbevis/ følgjekort i Klepp.

Ledsagerbeviset skal gjera det gratis for den som følgjer personen med funksjonsnedsetjing (ledsager/følgjeperson) å koma inn på kultur- og fritidsarrangement og til transportmidlar som personen med funksjonsnedsetjing ikkje ville kunne deltatt på / nytta seg av utan assistanse frå ledsager/følgjeperson. Kultur- og fritidsarrangement og transportordningar er avgrensa til dei instansar og institusjonar som til ei kvar tid har akseptert ordninga med ledsagerbevis.

2.8.5. Aldersgrense

Det er ingen øvre eller nedre aldersgrense for ledsagerbevis/følgjekort i Klepp kommune, så sant behovet for ledsagerbevis er dokumentert.

Høg alder aleine er ikkje nok til å kvalifisera for ordninga. For alle aldersgrupper er det ein føresetnad at det ligg føre ei funksjonsnedsetjing i samsvar med punkt 2.8.1.

2.8.6. Søknad

Personen med funksjonshemming søker kommunen om ledsagerbevis/følgjekort på fastsett skjema. Søknad kan sendast heile året.

I samband med søknad må søkeren leggja fram dokumentasjon om konkret behov for ledsagerbevis, enten frå fastlege, spesialisthelseteneste, psykolog, offentlig godkjent helseinstitusjon eller kommunen si helse- og omsorgsteneste.

Kommunen skal gjera søknadsskjema for ledsagerbevis/følgjekort lett tilgjengeleg på kommunen si heimeside.

2.8.7. Varigheit

Når ledsagerbevis/følgjekort blir innvilga, vurderer kommunen kor lenge kortet skal vera gyldig.

2.8.8. Gyldigheit

Ledsagerbeviset er landsdekkande og kan nyttast overalt i samband med aktivitet, arrangement, transport m.m. på stader der ledsagerordninga har blitt akseptert.

2.8.9. Klage

Vedtak om å innvilga eller å avslå søknad om ledsagerbevis er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. Eventuell klage blir å senda kommunen og kan påklagast til det kommunale klageorganet.

2.9 UTSTYR OG MATERIALE TIL LEIKEOMRÅDE/AKTIVITETSSOMRÅDE

Kven kan søkje?

Vellag som har inngått avtale med kommunen om vedlikehald av kommunale leike- og aktivitetsområde.

Søknadsfrist

Skriftleg søknad innan 1. april.

Prioritering

Tildeling skjer på bakgrunn av søknad. Søknadar blir prioritert etter ei fagleg vurdering samt ut i frå tidlegare tildelingar og innan den økonomiske ramma i budsjettet.

Sand til sandkassar

Sand til sandkassar på leikeplassar blir levert ved behov etter førespurnad til kommunen.

3. Prisar stipend og påskjønningar

3.1 KULTURPRIS

Kva er kulturprisen?

Klepp kommune sin kulturpris er ein heiderspris for verdfull innsats innan kunst og kultur i Klepp eller som har noko å seie for Klepp. Prisen er ein diplom og ein statuett.

Føremål

Føremålet med kulturprisen er:

- å heidle enkeltpersonar, grupper, organisasjonar eller institusjonar som har gjort særleg verdifull innsats, eller oppnådd framifrå resultat innan kultur i kommunen, eller, på kunstnarisk vis, gitt Klepp nasjonal eller internasjonal merksemd.
- å løfta fram gode døme som kan gje merksemd om kulturlivet og verka inspirerende eller identitetsbyggjande for personar og ulike miljø i kommunen.

Kven kan få prisen?

- Enkeltpersonar, grupper, organisasjonar eller institusjonar som har vist særleg stort engasjement, pågangsmot, framifrå resultat eller verdifull innsats innan kulturlivet i kommunen.
- Personar, institusjonar og organisasjonar som bur eller høyrer til i Klepp eller personar som har budd eller hatt sitt virke i kommunen dei siste 10 åra.
- Prisen kan og delast ut til personar ikkje heimehøyrande i Klepp, med eit kunstnarisk virke som oppnår nasjonal og/ eller internasjonal merksemd og som har mykje å seie for Klepp.

Forslag og tildeling

Alle innbyggjarar i Klepp kan koma med framlegg om kandidatar til prisen. Prisen kan ikkje omsøkjast (ein kan ikkje søkje for seg sjølv).

Informasjon om prisen og frist for å koma med framlegg blir annonsert seinast 3 veker før fristen går ut.

Frist for å koma med framlegg om kandidatar til kulturprisen er 1. oktober.

Innsende forslag om kandidatur bør innehalda:

- Kort utgreiing og vurdering om kandidaten sitt arbeid eller innsats innan kunst og kultur
- Kandidaten sitt namn, adresse, telefon og e-postadresse

Det politiske organet som har ansvar for kultursaker avgjer tildeling av kulturprisen. Om ikkje anna taler for det blir prisen delt ut på det kommunale nyttårsarrangementet.

- Kulturprisen kan delast ut kvart år.
- Prisen blir tildelt ein person/ organisasjon berre ein gong.
- Ordføraren står for overrekkinga av prisen.

3.2 FRIVILLIGPRIS

Kva er frivilligprisen?

Klepp kommune sin frivilligpris er ein heiderspris for frivillig innsats i kommunen. Frivilligprisen er eit diplom og eit verk/ arbeid av ein lokal kunstnar.

Føremål

- å heidle enkeltpersonar, grupper, organisasjonar eller institusjonar som har gjort ein særleg verdifull innsats innan frivillig arbeid i kommune.
- å løfta fram gode døme som kan gje merksemd om frivillig sektor og verka inspirerende eller identitetsbyggjande for personar og miljø i kommunen

Kven kan få prisen?

Føremålet med frivilligprisen er:

Frivilligprisen kan delast ut til ein person, gruppe, eller ei lokal foreining som har utmerka seg med frivillig ubetalt innsats, engasjement, initiativ og pågangsmot til beste for enkeltpersonar, grupper eller samfunnet.

Forslag og tildeling

Alle innbyggjarar i Klepp kan koma med framlegg om kandidatar til prisen.

Prisen kan ikkje omsøkjast (ein kan ikkje søkje for seg sjølv).

Informasjon om prisen og frist for å koma med framlegg blir annonsert seinast 2 veker før fristen går ut. Frist for å koma med framlegg om kandidatar til frivilligprisen er 1. oktober.

Framlegg om kandidatur skal setjast fram skriftleg og grunngjevast.

Innsendte forslag om kandidatur bør innehalda:

- kort utgreiing og vurdering om kandidaten sitt arbeid eller innsats innan frivillig arbeid
- kandidaten sitt namn, adresse, telefon og e-postadresse

Styret for Klepp frivilligsentral avgjer tildeling av frivilligprisen. Styret står fritt til å velje prismottakarar som ikkje er foreslått.

Frivilligprisen kan delast ut kvart år.

Prisen kan berre delast ut til ein person ein gong.

Frivilligprisen blir delt ut på ordføraren sitt nyttårstreff 1. januar.

3.3 BYGGESKIKKPRISEN

Kva er byggeskikkprisen?

Klepp kommune sin byggeskikkpris er ein heiderspris for byggverk, bygde omgjevnader og uteanlegg i kommunen.

Prisen er ein plakett med innskrift og eit diplom til prisvinnar. Plaketten blir laga slik at den kan monterast utvendig på bygningen eller i anlegget.

Føremål

Føremålet med byggeskikkprisen er å framheva byggverk, bygde omgjevnader og uteanlegg som gjennom arkitektonisk uttrykk, utføring, materialbruk, plangrep i samspel med natur- og nærmiljø, er med å heva, fornya og utvikla lokalmiljøet, samt inspirera til god byggeskikk.

Universell utforming, miljø- og energivenlege, løysingar, estetikk, kreativitet og gjenbruk samt framheving av stadmessige kvalitetar og eigenart bør vektleggjast.

Kven kan få prisen?

Byggeskikkprisen kan tildelast personar, firma eller organisasjonar.

Prisen kan bli gitt for:

- nybygg
- tilbygg, ombygging, utbetring og restaurering
- uteanlegg

Prisen kan berre delast ut til byggjeprojekt som er ferdigstilte i løpet av dei 10 siste åra.

Forslag og tildeling

Alle kan koma med forslag til byggeskikkprisen.

Prisen kan ikkje omsøkjast (ein kan ikkje søkje for seg sjølv).

Forslag om kandidatur må vera skriftlege og grunngjevne.

Forslagsfristen er 1. oktober.

Informasjon om prisen og frist for å koma med framlegg blir annonsert seinast 3 veker før fristen går ut.

Prisen kan delast ut annakvart år.

Byggeskikkprisen blir delt ut på ordføraren sitt nyttårstreff 1 januar.

Oppnemning av jury

Det blir oppnemnt ein eigen jury for tildeling av byggeskikkprisen.

Juryen får slik samansetning:

- 2 politisk oppnemnde representantar frå det politiske utvalet som har ansvar for plan- og byggjesaker. Ein av dei som blir valde skal og vera leiar for juryen. Dei politiske representantane blir oppnemnde for valperioden.

- Arkitekt MNAL (oppnemnd av Norske arkitekters landsforbund – NAL) og landskapsarkitekt (oppnemnd av Norske landskapsarkitekters landsforbund)
- 2 fagpersonar frå administrasjonen, som og er sekretariat for juryen

Kvar av jurymedlemmene skal ha ein personleg vararepresentant

Val og oppnemning til juryen følgjer den lokalpolitiske valperioden.

For jurymedlemmar sin habilitet gjeld forvaltningslova §6. Alle forhold som er eigna til å kunne svekka tilliten til eit jurymedlem eller setja spørsmål ved om ein rådgjevar er upartisk, vil reknast som inhabilitet. Dersom eit jurymedlem er inhabil, skal eit varamedlem møte.

Juryen sitt arbeid

Sekretariatet skal etter forslagsfristen er ute utarbeida ein oversikt over innkomne forslag og eventuelt andre aktuelle kandidatar samt ei vurdering av desse.

I tillegg til å vurdera innsendte forslag, kan juryen sjølv velje kandidatar som ikkje har blitt foreslått. Juryen kan på eige initiativ og innhenta grunngjevne forslag frå enkeltpersonar, organisasjonar og faginstansar.

Juryen kan nytta seg av rådgjevarar.

Juryen skal gje ei skriftleg uttale for valet av prisvinnar. Uttalen skal underskrivast av jurymedlemmene. Oversikt over alle innkomne forslag skal leggjast ved.

3.4 KULTURSTIPEND

Kva er Klepp kommune sitt kulturstipend?

Kulturstipendet er eit øymerka pengebeløp/ økonomisk stimulans som skal vera til inspirasjon for personar som ønskjer å utvikle seg på sitt område innafor føremålet med stipendet

Føremål

Føremålet med Klepp kommune sitt kulturstipend er å stimulera unge enkeltpersonar som driv med kunst og kultur til vidareutvikling innan sitt område samt stimulera dei til vidare satsing.

Kven kan få kulturstipendet?

Stipendet kan delast ut til :

- personar som i yrke eller fritid driv verksemd innan det utvida kulturområdet i Klepp
- leiarar i frivillige lag i kommunen som ønskjer å utvikle seg eller henta inspirasjon.
- personar må vera registrert i folkeregisteret med bustadsadresse i Klepp kommune, eller representera ein kulturorganisasjon i Klepp

Kva kan stipendet nyttast til?

Stipendet kan berre nyttast til det føremålet det er søkt om og i samsvar med føremålet med stipendordninga.

Stipendet kan ikkje nyttast til å finansiere ordinær utdanning som kan finansierast av Statens lånekasse for utdanning.

Søknad og tildeling

Stipendet blir lyst ut etter sommaren. Søknadsfristen er 1. oktober

Den som søker om kulturstipend skal, utanom å gje opplysningar om vanlege personalia, orientere om føremålet med stipendet og opplysa om korleis stipendet er tenkt nytta. Stipendet kan berre søkjast i eige namn.

Det politiske organet som har ansvar for kultursaker avgjer kven som skal få stipend. Det blir delt ut eitt, unnataksvis to stipend per år.

Stipendet kan berre tildelast same person ein gong.

Bruk av stipendet og rapportering etter bruk

Mottakar av kulturstipend skal innan 4 veker etter at stipendet er brukt, senda rapport til kommunen om korleis stipendet er nytta. Stipendet må takast i bruk innan 12 månader etter tildelinga. I særlege høve kan ein søkje om utsetjing.

Dersom stipendet ikkje blir nytta, eller grunnlaget for tildelinga fell bort, kan det politiske organet som har ansvar for kultursaker dra stipendet inn att. Stipendet skal då betalast tilbake til kommunen straks.

3.5 IDRETTSSTIPEND

Kva er idrettsstipendet?

Idrettsstipendet er eit øyremerka pengebeløp/ økonomisk stimulans som skal vera til inspirasjon for unge utøvarar til å utvikla seg i sin idrett og dermed vera med på å heva det idrettslege nivået i kommunen.

Føremål

Føremålet med Klepp kommune sitt idrettsstipend er å stimulera unge idrettsutøvarar til vidareutvikling innan sitt område samt stimulera til vidare satsing.

Kven kan få idrettsstipendet?

Søkjjarar må vera:

- i aldersgruppa 15-25 år
- utøvande på nasjonalt eller internasjonalt nivå
- personar må vera registrert i folkeregisteret med bustadresse i Klepp kommune, eller representera eit idrettslag i Klepp

Kva kan idrettsstipendet nyttast til?

Stipendet kan berre nyttast til det føremålet det er søkt om og i samsvar med føremålet med stipendordninga. Stipendet kan nyttast til utstyr, trenarhjelp, deltaking i treningssamlingar, konkurransar m.m. som tar sikte på å utvikla søkaren sitt talent, prestasjonar og/eller auka søkaren sin kompetanse innan sin idrett.

Stipendet kan ikkje nyttast til ordinær utdanning som kan finansierast av Statens lånekasse for utdanning. I prinsippet blir det ikkje gitt stipend til grunn- og vidareutdanning eller til kurs som har forbetra lønnsnivå som føremål.

Søknad og tildeling

Stipendet blir lyst ut etter sommaren. Søknadsfristen er 1 oktober.

Den som søker om idrettsstipend skal, utanom å gje opplysningar om vanlege personalia, orientera om føremålet med stipendet og opplysa om korleis stipendet er tenkt nytta. Trenings-/ konkurranseopplegget må skisserast konkret. Stipendet kan berre søkjast i eige namn

Det politiske organet som har ansvar for kultursaker avgjer kven som skal få stipend.

Det blir delt ut eitt, unnataksvis to stipend per år.

Klepp Idrettsråd skal ha høve til å uttale seg om tildeling av idrettsstipend før vedtak om tildeling blir fatta.

Idrettsstipendet kan berre tildelast same person ein gong

Bruk av stipendet og rapportering etter bruk

Mottakar av idrettsstipend skal innan 4 veker etter at stipendet er brukt, senda rapport til kommunen om korleis stipendet er nytta. Stipendet må takast i bruk innan 12 månadar etter tildelinga. I særlege høve kan ein søkje om utsetjing.

Dersom stipendet ikkje blir nytta, eller grunnlaget for tildelinga fell bort, kan det politiske organet som har ansvar for kultursaker dra stipendet inn att. Stipendet skal då straks betalast tilbake til kommunen.

3.6 KOMMUNAL PÅSKJØNNING- KULTURPRESTASJONAR

Kommunal påskjønning kan bli gitt til einskildpersonar eller lag som har vunne offisielle norgesmeisterskap, eller har teke medalje i Nordisk, EM, VM eller OL.

Påskjønning gjeld junior (det året ein fyller 16), senior og veteranar. Aldersbestemte klassar yngre enn junior kjem ikkje inn under ordninga.

Kommunal påskjønning kan ein gje til einskildpersonar eller lag som har oppnådd anerkjenning for offisielle nasjonale/ internasjonale, allmennkulturelle prestasjonar nasjonalt/ internasjonalt.

Individuelle utøvarar får påskjønning frå den kommunen der deltakaren bur, sjølv om deltakaren representerer eit lag som er registrert i ein annan kommune.

Når eit lag skal ha påskjønning får alle deltakarane påskjønning i den kommunen der laget er registrert.

Dersom det kan vera tvil om ein kulturprestasjon er av ein slik karakter at han bør bli påskjønna, blir saka avgjort av ordføraren og leiaren av hovudutval som handsamar kultursaker.

Dei kommunale påskjønningane blir utdelte på ordføraren sitt nyttårstreff 1. januar. Kommunen kan og sende blomar straks etter at prestasjonen er utført.